

## LIKESTILLING I 64 KOMMUNER

# Brot på Likestillingsslova: Seks kommunar vert ført fram for nemnda

Seks norske kommunar har for andre år på rad rapportert alt for dårlig på likestilling i høve til lova. Kommunane Ringsaker, Porsgrunn, Flekkefjord, Austevoll, Lærdal og Surnadal skal derfor handsamast av Likestillings- og diskrimineringsnemnda.

Alle bedrifter, private som offentlege, er pålagde ein aktivitets- og reiegjersleplikt etter likestillingsslova.

Likestillings- og diskrimineringsombodet (LDO) har i år kontrollert 64 kommunar. Kommunane har blitt vurdert i forhold til korleis dei gjer reie for likeløn, kjønnssbalanse, bruk av deltid og foreldrefråvær i sine årlege rapportar. 28 av kommunane vert kontrollerte for andre gong, fordi dei ikkje vart godkjende i fjar.

18 kommunar har fått godkjent, mens reiegjerslene for 26 kommunar er godkjende, men mangelfulle. 20 kommunar vart ikkje godkjende, sju av dei for andre gong. Det er opplysningar om situasjonen for 2007 som har blitt vurdert av LDO.

### LIKELØNN

Kvinner tener i gjennomsnitt mindre enn menn i kommunane. I arbeidslivet som heilskap er forskjellen 16 prosent.

Det er store lønsforskellar mellom kommunane: I Sør-Varanger tener kvinner 1,4 prosent meir enn menn. I Mandal tener menn 15 prosent meir enn kvinner.

Dei positive tala frå mellom anna Sør-Varanger viser at det er mogleg å oppnå likeløn.

Mange kommunar har tilnærma likeløn innanfor same yrkesgruppe. Men på leiarnivå er det ofte store lønsforskellar mellom kvinnedominerte og mannsdominerte sektorar.

Kommunar som har eit bevisst forhold til likeløn, klarer å retta opp i skeivheitar. Grimstad gav sine kvinneleg leiarar 19 000 meir i lønsauke enn die mannlege leiarane i 2007 for å minska forskjellane.

## LIKESTILLING I 64 KOMMUNER

Likt utdanningsnivå og likt ansvar skal samanliknast for å vurdera graden av likeløn. Til dømes kan ingeniørar og personar i sektorane helse og sosial og utdanning, ha like lang utdanning og like mykje ansvar.

I tillegg til Sør-Varanger kjem kommunane Skedsmo og Trondheim godt ut, her tener menn om lag fire prosent meir enn kvinner.

I Drammen og Stavanger er forskjellane større, med tolv og ti prosent lågare gjennomsnittsløn for kvinner.

Lønsforskjellane mellom kvinner og menn i kommunane ØKTE med 0,6 prosent.

### Tiltak:

LDO anbefaler å definere kva som er likeverdig arbeid. Dette kan samanliknast, og opplysningane bør brukast i den lokale lønspolitikken.

### KJØNNSBALANSE

79 prosent av alle tilsette i kommunesektoren er kvinner. Hammerfest har best kjønnsbalanse med 68 prosent kvinner. Skiptvet kommer därlegast ut med 86 prosent kvinner, og Rakkestad med 85 prosent kvinner.

Målet er at begge kjønn skal være representert med minst 40 prosent.

Dei kommunane som bruker bevisste verkemiddel for å auka talet på kvinnelege leiarar, får gode resultat.

Verre er det å få menn inn i dei typiske kvinneyrka. Dette er tungt og langsiktig arbeid. Stavanger har gjennom systematisk arbeid auka talet på menn i heimebaserte tenester med 6,6 prosent.

Rakkestad, Grimstad og Sirdal har ingen kvinner i toppleiringa.

### Tiltak:

Med strammare arbeidsmarknad vert det større moglegheit til å rekruttera menn i omsorgsyrke og i barnehagane.

### DELTID OG UFRIVILLEG DELTID

I Vegårshei kommune arbeider 83,5 prosent av kvinnene deltid. Skedsmo har den lågaste deltidsprosenten, her arbeider 40 prosent av kvinnene deltid.

Deltidsprosenten blant menn i norske kommunar varierer frå 7 til 46 prosent.

## LIKESTILLING I 64 KOMMUNER

Bamble har auka talet på heiltidstilsette frå 47 til 51 prosent ved godt systematisk arbeid. Svært mange ynskjer større stillingsprosent.

### Tiltak:

LDO anbefaler at kommunane innfører rutinar for å registrere ufrivilleg deltid.

### FORELDREFRÅVÆR

Likelønskommisjonen har uttalt at det å dela ansvar for barn og arbeid er ein nøkkel til likeløn og likestilling.

Berre fem kommunar har fått godkjent reiegjersla på foreldrefrånvær, heile 42 har ikkje fått godkjent.

89 prosent av foreldrepenge- dagane vert tekne ut av mødrene, mens fedrar tek ut elleve prosent.

### Tiltak:

Arbeidsgivar må kalla inn komande foreldre til samtale og signalisera ei positiv haldning til å leggje til rette for at både mødrer og fedrar tek ut lang foreldrepermisjon og er heime med sjukt barn.

### SENIORPOLITISKE TILTAK

I Sandefjord kommune utgjer menn 20 prosent av dei tilsette, men dei tre siste årene har menn teke ut 50 prosent av dei seniorpolitiske tiltaka.

Mange kvinner i deltidsstillingane nyt ikkje godt av seniorpolitiske tiltak.  
Dette kan vera diskriminering.

### NEDSETT FUNKSJONSEMNE OG ETNISITET

Frå 2009 vert det innført aktivitets- og reiegjersleplikt også når det gjeld personar med etnisk minoritetsbakgrunn og personar med nedsett funksjonsemne.

Kommunane og bedrifter med over 50 tilsette får dermed endå sterkare plikt til å sørge for mangfold.

Drammen kommune er allereie i gang med å satse på tilsette med annen etnisk bakgrunn. Dei utarbeider no ein modell for å styrke kompetansen til denne gruppa.

## LIKESTILLING I 64 KOMMUNER

### DEI SOM IKKJE VERT GODKJENDE

Sju kommunar har for andre år på rad ikkje fått godkjent si rapportering. Seks av desse vert no klaga inn for Likestillings- og diskrimineringsnemnda. Nemnda har sterke verkjemiddel. Dei kan krevje at lovbrot tek slutt og dei kan gje tvangsmulkt. Ein kommune har lova bot og betring, og får ein sjanse til før dei vert sendt vidare.

### KVA SKJER MED DEI ANDRE?

Dei kommunane som ikkje har blitt godkjent for første gong i år vil verta kontrollerte også neste år.

### REIEGJERSLE SKAPER BEVISSTHEIT OG BETRE PRAKSIS

Erfaringane frå to år med kontrollar viser at det nyttar. Når kommunane må gjere reie for seg, skaffar dei seg samtidig ei konkret oversikt over tilstanden i likestillinga. Denne kunnskapen gjer det lettare å finna konkrete målretta tiltak for å fremje likestilling.

LDO har hatt eit godt samarbeid med regionale likestillingssenter der dei finst, og meiner det bør byggjast ut slike senter i alle regionar.